



Paul Tengesdal

# Bjerkreim skule



Klyngetunet på Bjerkreim i 1875. Her ser vi skulehuset, som det andre huset til venstre på tegningen. Til høyre for dette ser vi et lite uthus (fjøs og løe) som hørte til skulen. Denne skulen var den første faste i Bjerkreim fra 1856. Alle bygninger er i dag (2013) borte så nær som det stor lensmannshuset i to etasjer, til høyre på tegningen.



Bjerkreim sentrum i dag. Vi ser hvor de stod; den første faste skulen (1) og skulehuset fra 1899 (2). Nåværende skule (3) oppført 1961. De eldste bygningene er kirken (4) og det store lensmannshuset (5).

## Den første faste skulen i Bjerkreim



*Bygningen helt til venstre er den første faste skulen i Bjerkreim. Bildet er tatt 1896 av A. Flak, Egersund.*

Frå 1838 og utetter vart det strid om plassering av fast skule. Lova forlangte at det skulle væra en fast skule i hvert prestegjeld, og en vart nøyd å få fast skule også i Helleland Prestegjeld. Men kor skulle skulen ligge. Da det såg ut for at det vart på Strømstad i Helleland at skulen skulle ligge, krevde Bjerkreim at soknene skulle ha kvar sitt skulevesen og at skulekassa skulle deles. Baktanken var sjølv sagt at Bjerkreim ville ikke vara med å bygga skulehus borte i Helleland.

Så vart det i mange år strid og drøftinger om dette til de endelig i 1851 delte kassa, og soknene fekk kvar sitt skulestyre. To år etter, den 1. januar 1853, sette Bjerkreim igang fast skule i leid hus hos Gitle Andersson på Bjerkreim. Læreren var klokker Andreas Ramsland.

Abraham Odland bygde et hus på et jordstykke han hadde på Birkemona. I 1854 kjøpte så kommunen huset til skulehus. Torkel Ivesdal reiv det og sette det opp i Bjerkreimsgarden, imellom vegen til kyrkja og vegen til Odland. Han fekk 48 dalar for arbeidet. Knud Bjerkreim kjørte materialene til Bjerkreim for 2 dalar. Abraham Odland bordkledde det to år etter for ei daglønn av 2 ort og eigen kost, og Aadne Egeland leverte 25 tylfter bord, framkjørt til Bjerkreim for 10 dalar.

Da den neste skulen vart bygd i 1899 reiv de bygget og flytte det opp til Svela (Trollshauane) der det vart oppsett og brukt til bank- og kommunelokale.

Lærerar som budde i det første skulehuset inntil 1895:

- Andreas Ramsland, Helleland, lærer fra 1. januar 1853
- Andreas Arrestad, Helleland, vikar for Skule Torsteinson mens han gjekk på lærerseminar
- Skule Torsteinson Lomeland, Helleland, lærer og kyrkjesonger
- Ole Samuelson Stueland, Kvinherad, lærer og kyrkjesonger
- Paul Ritland, Suldal
- Askild Tveit
- Kristoffer M. Kvammen
- Gitle A. Birkrem fra Bjerkreim

Klokkar Skule Torsteinson vart tilsett som lærer etter Andreas Ramsland i 1853, og var i stillinga til han gjekk av for aldersgrensa i 1881. Han var og poståpner på Bjerkreim i åra 1865-1886. Han var ugift, budde aleine på skulen, og hadde sin bolig i vestre enden av bygningen. I 1875 hadde han tenaren Jørgine Olsdtr. Når Skule døyde i 1887 overtok ho huset som han kjøpte etter at han gjekk av som lærer.

Skule kunne ofte slå ungene og det dugelig hardt. En gong kommanderte han en unge fra Gjedrem at han skulle legge begge nevene på bordet. Skule stod med riset, og i det samme Skule slo, snudde guten nevene sine og treiv riset. Men han kunne også rista ungene forferdelig hardt, eller at han slo boka i skallen på dei «så det knakte». Og dette var noe som foreldrene aksepterte, det var nemlig datidens disciplinærstraffer.

## Den andre skulen fra 1899 til 1961



Ved utskiftningen i 1896 måtte tre gardbrukere flytte alle husa sine ut av det gamle klyngetunet. Det gamle skulehuset og uthuset måtte også flyttes. Kommunen nyttet da høvet til å bygge ny skule nærmere kyrkja. Vi ser den nye skulen midt i bilde. Foto: Tønnes Sandstøl, Egersund 1922.

## Skulehuset

Skulen vart oppført i 1899. Den var på 1 ½ etasje og hadde 105 m<sup>2</sup> gulvflate. Skulen var oppført på høge kjellermurer med steintrapp på framsida (mot vest) og på baksida. Ved sida av trappa på framsida var trappa ned til kjelleretasjen kor sløydsalen var. Sløydsalen var under storskulen som var lengst mot nord. Mot sør var småskulen. Når en kom inn i gangen, gjekk ei trapp rett fram og opp på loftet. Bak trappa var kjøkkenet. Her var det innlagt vavn med en vask.

I storskulen var det bare vinduer langs framsida, mens småskulen hadde vindu både på

framsida og på sørsida. På baksida av skulen var et bislag, og vindu inn til kjøkkenet, ellers var det ingen vinduer her. Skulen vart nedreven i 1961 når den nye barneskolen kom på Bjerkreim.

## Noen skuleminner

Jeg begynte i skulen i 1949 og gjekk der i 7 år, slik skulegangen var i den tid. Skulen hadde som sagt to stover, en for småskulen og en for storskulen. Hanna Møgedal var lærer i småskulen og Klaus (K.G.M.) Bjerkreim var lærer i storskulen. I begge stovene stod en stor og kraftig vedovn med skjermbrønn framfor. Det var Anny Odland og Sigrid Maudal som hadde ansvar for vedfyringen. De kom i god tid før skulen starta og fyrt i ovnen, slik at skulestova var god og varm før barna kom.

Rett som det var kom barna våte til skulen. Da ble sokker og annet tøy hengt til tørk på skjermbrønnen. Skoene ble satt på gulvet omkring. Å, så godt og varmt fottøyet var når skuledagen var slutt og vi tok på heimvegen.

I skulestova satt vi på enkle pulter, men på loftet fantes en del eldre pulter som var doble, altså for to elever. Skriveplata skrånet bakover, og framme på pulten var det utskåret en grop for penn og blyant og heilt til høgre plass for blekkhuset. De aller første skjønnskriftbøkene fra småskulen startet med å tegne en skrå strek, skråstrek på skråstrek nedover heile arket. Deretter en sløyfe på, nedover og nedover arket. Omsider kom alle bokstavene med, små og store.

De første kulepennene var nettopp kommet på markedet, men disse fikk vi aldri lov å bruke, vi skulle nytte penneskift med penn som vi dyppet i blekkhuset. Vi ble fortalt at kulepenner ødelegger en fin håndskrift – noe som er helt riktig.

Som bokmerker benyttet vi glansbilder, alle hadde slike i sine bøker. For guttene gjaldt det mest med ville hester, indianere og cowboyer og for jentene gjaldt det blomster, dokker og slike «jenteting». Andre ganger ble det brukt sjokoladepapir, «sølvpapir» som vi sa.

Vi fikk alltid heimelekser, noe måtte pugges ordrett som det stod. Det var ikke alltid så godt å huske, og slett ikke gildt var det heller. Håkon Vinningland skulle fortelle leksa si, men sa ikke så mye. Han kikket helst ut vinduet, men plutselig slo han ut med armen, «Sjå katten på mønet!» brøt han ut. Jo riktig, det gikk faktisk en katt og spankulerte helt oppå møneåsen på den gamle klokkerløa.

Jeg var svært uheldig en middagstime. Det var om vinteren og vi var ute og hadde ballkrig. Så kom vi på at vi skulle konkurrere om å kaste på fjøsveggen til klokkerløa, nærmest mulig det første vinduet. Jeg vant – men det gikk med en glassrute. Og da vart den leken plutselig slutt.

I kjelleren, under storskulen hadde vi sløydsalen for oss gutter. Jentene hadde sitt håndarbeid oppe i skulestova, eller på loftet.

I middagstimene holdt vi på med forskjellige leker, det var «jepping», «slå kil», «slå ball», «kaste hys» eller andre gutteleker. Det kom aldri på tale å ha med jenter, nei de holdt seg til «veggball», «slå tau», «hinke», og lignende som vi ansåg som reineste jenteleker. Fotball ble det aldri lekt med, unntatt under skarpt tilsyn av Klaus selv. I middagstimen tok han ballen med seg heim under armen. Det var nok det lureste, for slik ble ganske sikkert en del glassruter spart.

Klaus var en gild lærar, alle hadde respekt for ham. Men en dag satte han oss på en hard prøve. Da vi kom på skulen en morgen, lå det et sort såkalt «amerika-eple» oppå kateteret. Det ble trukket støtt om det, og loddet fall på Gunnar Helland. Han fekk det store og fine eplet. Senere uthånden spurte Klaus om vi hadde sett et eple som skulle ligge på kateteret, og det ble helt stille i skulestova. Først da forstod vi sammenhengen. Alle var vi enige om å ha gjort noe svært galt. Vi skal ikke tilegne oss noe som tilhører andre.

På skulevegen var vi mange barn som gikk samlet, det var barna fra Oremo og Odland som gikk i lag. Fra Netland gikk som oftest også barna til fots, jamvel barna fra Tjørn gikk til fots etter vegen om Hytland, Saie og Odland til Bjerkreim. Men som oftest kjørte Gustav eller Johanne

Brattebø, barna sine til skulen med hest.

Så husker jeg en vinterdag som kunne fått dramatiske følger. I middagstimen var vi ute på isen «Daben». Dette var en stor vanndam som samlet seg rett framfor huset til Arne Austdal, mot skulen. Daben var svært stor denne gangen, og så hadde det lagt seg ny is oppå. Vi sprang over isen, og den bar, men den gynget svært, både opp og ned. Dette var spennende! Men så skjer det. Louis Efteland tråkker rett gjennom isen, og blir liggende i råka. Heldigvis hørt Arne Austdal skrik og rop, og kom farende, fikk tak i en stige og kravlet selv ut med stigen til Louis som lå i råka. Arne fikk opp Louis. Det ble bergingen for ham, for han stod slett ikke botnen. Med dette fikk vi alle en kraftig støkk.

## Skulekretsen

Garder som tilhørte denne skulekretsen var: Apeland, Versland, Hustuft, Fjærmedal, Røysland, Solberg, Gjedrem, Holmen, Tjørn, Hytland, Netland, Efteland, Odland, Bjerkreim, Vinningland, Sagland og Åsen.

## Skulebilder



1. r. frå v: Valborg Netland, Hanna Apeland, Teodora Løvbrekke, Aslaug Slettebø, Ingrid Eik, Anna Netland, Marta Strømstad, Bergliot Slettebø, Varna Bjerkreim.

2. r. frå v: Borghild Versland, Gudrun Versland, Gunda Helland, Ida Bjerkreim, Klara Apeland, Arna Versland, Astrid Gjedrem, Signe Bjerkreim, Hjørdis Slettebø, Astrid Bjerkreim, Gudrun Ausdal,

3. r. frå v: Lærer Kristina Bersvig, Toralf Gjedrem, Tor Holmen, Jørgen Gjedrem, Teodor Versland, Ola T. Gåsland, Asbjørn Solberg, Torvald Odland, Teodor Apeland, Louis Odland.

Bak frå v: Tønnes Gjedrem, Ragnvald Apeland, Godfred Netland, Sigurd Helland, Inge Bjerkreim, Magnus Odland, Bernhard Odland, Ragnvald Odland, Elling Vinningland, Ingvar Gjedrem, Magnus Solberg, sløydlærar Karl Bersvig og lærar Gitle Birkrem.

Bildet teke i forbindelse med sløyd og handarbeid, ca 1917.



1. rekke fra venstre: Inge Emil Espeland, Lars Vinningland, Trygve Vinningland, Tolleiv Gjedrem, Velle Bjerkreim, Øyvind Austdal, Kåre Friestad Austdal, Lars Apeland, Trygve Solberg, ???????

2. rekke: Anny Eik, Karen Helland, Otelia Bjerkreim, Karly Gjedrem, Borghild Apeland, Amanda Hustoft, Ingeborg Apeland, Jenny Helland, Reidar Apeland.

3. rekke: Liv Gjedrem, Karina Apeland, Marta Apeland, Aud Gjedrem, Sigrid Vinningland, Agnes Apeland, Jenny Vinningland, Alise Vinningland.

4. rekke: Torunn Gjedrem, Hjørdis Gjedrem, Elfrida Versland, Aslaug Espeland, Annbjørg Vinningland, Jenny Gjedrem, ?????, Ingveig Gjedrem, Maria Bjerkreim.

5. rekke: Tengel Austdal, Sverre Vinningland, Tønnes Versland, Valdemar Solberg, ??????, Sven Apeland, Peder Hustoft, Hans Holmen, Harald Vinningland, Dagfinn Slettebø.

Lærar Andreas Øgård og Hanna Mykjedal, bildet er tatt 1923



1. rekke fra venstre: Vilhelm Gjedrem, Arne Gåsland, Tora Espeland, Inger Apeland, Anny Skreå, Ruth Skreå, Aslaug Maudal, Borgny Bakke, Gunvor Gjedrem, Gunlaug Ødegård, Guri Versland, Torbjørg Espeland, Anna Slettebø.

I midten, frå venstre: Harald Slettebø, Ingjald Bjerkreim, Trygve Gjedrem, Sverre Fjermedal, Einar Berland, Borgny Gjedrem, Sigurd Vinningland, Klaus Helland, Elisabeth Hårberg, Tønes Vinningland, Bergliot Gjedrem, Jorunn Vinningland, Olav Merkresdal, Lovise Versland, Anders Apeland, Dagny Gjedrem, Alf Ødegård.

Bak frå venstre.: Bjarne Ødegård, Arvid Apeland, Arne Johan Slettebø, Knut Bakke, Hans Gåsland, Gutorm Fjermedal, Tolleiv Bjerkreim, Alf Gjedrem, Odd Bjerkreim.

Lærarar: Andrias Øgård og Hanna Mykjedal, bildet er tatt 1938.



Første rekke f.v.: Torstein Helland, Ingolv Gjedrem, Asbjørn Gjedrem, Asta Odland, Gerd Berland, Thyra Odland, Ingerd Bjerkreim, Jessy Efteland, Irene Slettebø.

Andre rekke f.v.: Jonas Brattebø, Egil Svela, Jens Tengesdal, Viktor Gåsland, Egil Vinningland, Ingrid Birkrem, Sølvie Vinningland, Solfryd Maudal, Jane Vinningland, Helga Slettebø, «? Tysk», Kari Fjermedal.

Tredje rekke f.v.: Gunnar Nordli, Jostein Slettebø, Einar Slettebø, Olga Fjermedal, Reidun Gjedrem, Åse Kari Skreå, Randi Versland, «? Tysk», Eva Vinningland, Tyra Slettebø, Torbjørg Gåsland, Anne Marie Rapstad, Gunhild Birkrem, Solveig Nordli, Joan Brattebø.

Fjerde rekke f.v.: Kjell Tengesdal, Magnus Solberg, Magnus Versland, Håkon Vinningland, Andreas Austdal, Tor Apeland, Joakim Apeland, Tollef Bjerkreim, Reidar Larsen, Alf Slettebø, Sverre Efteland, Jarl Vinningland, Gunnar Helland, Paul Tengesdal, Louis Efteland.

Femte rekke f.v.: Bjørn Løvbrekke, Kåre Vinningland, Arnfinn Kalhovd, Leif Solberg, Per Vinningland, Sverre Odland, Alf Vinningland, Leif Ødegård, Gunleiv Apeland, Artur Maudal, Steinar Austdal.

Lærer Hanna Møgedal og Klaus (K.G.M.) Bjerkreim, bildet tatt 1953

Aaland Gård, august 2013  
Paul Tengesdal